

Spørjeskjema frå Norsk intensivregister.

For å få meir kunnskap om pasientopplevingar etter eit intensivopphald er dine erfaringar som pasient viktig. Norsk intensivregister sender difor ut eit spørjeskjema 6 månader etter du har vore innlagd ved ei intensiv- overvaking, eller postoperativ eining, for dei pasientane som har fått ei oppføring i registeret. Spørjeskjema vert sendt ut til alle registrerte frå fylte 16 år.

Svara som vert samla inn blir lagra i registert, og kan bli utlevert til dømes til forskingsprosjekt som har godkjenningar for å utføre forskning. I tillegg blir resultatata publisert i [årsrapporten](#) frå Norsk intensiv- og pandemiregister.

Utsending av spørjeskjema er koordinert nasjonalt, og det er frivillig å svare. Om du ikkje ynskjer å delta, eller du som pårørande vurderer at pasienten ikkje er i stand til å svare for seg, er det ikkje naudsynt å foreta seg noko. Skjema vert utsendt elektronisk, og registeret har diverre ikkje moglegheit til å stanse utsendinga. Du vil oppleve å få purring med oppmoding om å svare, men dette kan du oversjå.

Skjema som vert sendt ut heiter **EQ-5D-5L**, og er eit internasjonalt validert sjølv-rapporteringsskjema/instrument, som er mykje brukt i helseforskning. Formålet er å undersøkje generell helse og helselatert livskvalitet blant intensivpasientane i Noreg. Skjema er delt i 5 områder:

- gange
- personleg stell
- vanlege gjeremål
- smerte/ubehag
- angst/depresjon

I tillegg blir du beden om å gje ein skår for opplevd helsetilstand (0-100).

Pasientar som har vore til intensivbehandling som fylgje av Covid-19-sjukdom får tildelt ei «pakke» med spørjeskjema. Meir info om dette på nettsidene til [Norsk pandemiregister](#).

Opplysningar om deg i samband med forskning. Opplysningar frå registeret kan utleverast til forskings- og kvalitets-forbetringsprosjekt. Dine personopplysningar kan berre bli utlevert, eller på annan måte bli tilgjengeleg når dette skjer i henhold til lover og forskrifter, som til dømes reglar om teieplikt og Den europeiske personvern-forordninga. Det kan bli aktuelt å utlevere opplysningar til verksemder i utlandet, blant anna for å kunne gjennomføre vitenskapelig forskning. Helse Bergen HF er ansvarleg for databehandlinga. Det rettslige grunnlaget for databehandlinga er personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav e og Forskrift om medisinske kvalitetsregistre, jf. Forskrift om medisinske kvalitetsregistre § 1-4.

Ynskjer du å slette opplysningar om deg frå registeret finn du meir om det [her](#).

Dersom du har ytterligare spørsmål kan du kontakte Intensivregisteret på telefon 55 97 70 56 eller norskintensivregister@helse-bergen.no.